

Ungdomslos, tett på.

1. *Tilmeldingsskjema.* For at det skal gå mest mogleg «khirkefritt» og at ein unngår dobbeltarbeid er det viktig for ungdomslos sitt arbeid at tilmeldingsskjemaet er fylt ut så detaljert som mogleg, slik at vi veit mest mogleg om situasjonen, kva har vore gjort, kva er problematisk og kva ynskjer ein hjelp til.
2. Etter at *tilmeldinga* har kome til ungdomslos tek losen kontakt med tilmeldar for å høyre om det er informasjon dei tenkjer er relevant for ungdomslos å vite som ikkje står i tilmeldinga. Vi kontaktar heim for å høyre korleis dei oppfattar tilmeldinga, ser dei det same som skulen? Vi spør heimen om det er andre instansar involvert i ungdommen sitt liv for å best mogleg skape eit heilt bilet. Dersom dei svarar ja og vi ser det som relevant å samarbeide eller dele informasjon med andre instansar ber vi om samtykke til utveksling av informasjon med *samtykkeskjema*.
3. Steg 2 i ungdomslos sitt arbeid er å ha *oppstartssamtale* der ungdom er til stades. Om det er i heimen, på skulen eller ein annan plass avtalar los og familien seg i mellom. Vi treff ungdommen der det kjennes tryggast ut, dei får velje dette sjølv.
4. Etter kvart som vi ikkje er ein heilt framand vaksen lenger avtalar vi regelmessige treff der vi fokuserer på *relasjonsbygging* for å kome i posisjon til å snakke om det som er vanskeleg for eleven. Ungdomslosen si rolle er å få fram ungdommen si stemme, i nokre tilfelle kjem det raskt fram kva som gjer at N.N. gruar seg til å vere på skulen, det kan vera noko på skulen som gjer at ungdomen ikkje vil dit, mangel på kjensle av meistring, konfliktar med vener, eller dei kan stå i ein vanskeleg heimesituasjon. Nokre vil ikkje snakke med oss i det heile og andre klarar ikkje å setje ord på kva som gjer at ting er vanskeleg. Då er vår oppgåve å forsøke å skape ein trygg arena kor det kjennes naturleg å lufte kjensler og tankar.
5. *Relasjonsbygging.* Relasjonsbygginga er sjølve grunnmuren i ungdomslos sitt arbeid med ungdom. Vi står veldig fritt til å kome i posisjon til ungdomen her. Ungdomslos stiller ingen krav. Fisketur, fotballspeling, turgåing, matlagning, køyretur og kortspel er berre nokre av aktivitetane vi tek ungdom med på, dersom dei ynskjer sjølv sagt. Når vi gjer aktivitetar dei opplev som kjekke og krav ikkje er til stades kjem vi ofte inn på det som er vanskeleg i livet deira, dette varierer sjølv sagt frå ungdom til ungdom. Etter kvart som vi blir betre kjende med ungdomane får vi eit betre inntrykk av korleis ungdomen sjølv oppfattar livet sitt. Vi reflekterer i lag med ungdomen om kva som eigentleg gjer at det er vanskeleg for dei å gli inn i mengda og vera som «alle andre».